



Finansdepartementet  
Postboks 8008 Dep

0030 OSLO

11 82-7


Saksnr.	Journalpost	Arkiv:	Saksbehandlar	Vår dato:
11/121	11/533	232	FUGELI	21.02.2011


### Høyringsuttale om fjerning av minimums- og maksimumsverdiane på eigedomsskatt.

Vestre Slidre kommune viser til Landssamanslutninga for Vasskraftkommunar sin høyringsuttale vedrørende fjerning av minimums- og maksimumsverdiar på eigedomsskatt.

Kraftprodusentane opplever i dag ei eventyrleg omsetjing i kroner og øre. Dette fører til at marknadsverdien på anlegga deira aukar. Men på grunn av minimums- og maksimumsverdiane får ikkje kommunane sin del av denne auken. For Vestre Slidre kommune sin del fører dette berre i 2011 til eit inntektstap på kr nær 279.000, og dette vil truleg auke i åra som kjem. Dette kan høyrast ut som småpengar, men kjem godt med i ei slunken kommunekasse i ei lita kommune. Kommunen sluttar seg difor til LVK sin uttale og bed om at denne ordninga blir oppheva snarast råd.

Med helsing

  
Eivind Brenna  
Ordførar

  
Lars Kvissel  
Varaordførar

  
Eli Marit Fuglestad  
Økonomisjef